



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Smia, Grodås/Hornindal
Dato:	11.11.2022
Tid:	kl 12.00 - 15.35

Fremmøtte	Representerer	Funksjon
Anne Helen Sundalsfoll		nestleiar
Inge Aleksander Bruheim		leiar
Jørgen Amdam	Ap	medlem
Inghild Liv Remøy	MDG	medlem
Ledvin Skjerdal	SP	medlem

Møtenotater:

Ann Helen Sundalsfoll fekk permisjon, og var ikkje til stades i sakene PS25, PS26, PS27, PS28, PS29, PS30, PS32 og PS33.

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Halldis Moltu, oppdragsansvarleg revisor.

Volda kommune:

Kari Mette Sundgot, økonomileiar. I sakene PS25, PS26, PS27 og PS28.

Svein Berg-Rusten, kommunalsjef Helse og omsorg. I sak PS24 OS01

Liv Langeland Muldsvor, seksjonsleiar Hornindal omsorgssenter. I sak PS24 OS01

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

PS19, PS20, PS21, PS24 OS01, PS22, PS23, PS31, PS25, PS26, PS27, PS28, PS29, PS30, PS32 og PS33.

Møteslutt 15:35

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 19/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/4142
PS 20/22	Godkjenning av protokoll	22/4142
PS 21/22	Referatsaker	22/4142
PS 22/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/4142
PS 23/22	Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)	22/4119
PS 24/22	Orienteringar	22/4142
PS 25/22	Økonomirapport 1.tertial 2022	22/4124
PS 26/22	Finansrapport 1 2022	22/4125
PS 27/22	Økonomirapport 2.tertial 2022	22/4124
PS 28/22	Finansrapport 2 - 2022	22/4125
PS 29/22	Forenkla etterlevingskontroll 2021 med økonomiforvaltninga	22/4118
PS 30/22	Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon	22/4112
PS 31/22	Budsjett for kontrollarbeidet 2023	22/4113
PS 32/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet	22/1768
PS 33/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/4142

Volda, 11.11.2022

Inge Aleksander Bruheim

PS 19/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 20/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Så langt som mogleg godkjenner kontrollutvalet møteprotokollen frå siste møte med følgjande tilføyning;

I samband med ordskifte kring dette og etterfølgjande avstemming, tok leiar Solfrid Steinnes Førde ordet og melde at ho ikkje lenger kunne leie kontrollutvalet i Volda kommune. Grunna manglande tillit frå medlemmer i utvalet. Ho ville derfor be seg fritatt for resten av valperioda. Utvalet tok pause.

Leiar Solfrid S. Førde leidde deretter møtet etter oppsett plan.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

PS 21/22 Referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
07/22	Melding om vedtak - Reglement for kontrollutvalet og Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte
08/22	FKT - Veileder for handtering av henvendingar til kontrollutvalet
09/22	Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg - kommunestyrevedtak
10/22	Innkalling til representantskapsmøte tysdag 01.11.2022
11/22	Kontrollutvalet - fritak frå verv
12/22	Melding om vedtak - Årsrapport 2021 Volda kommune
13/22	Påvirker økt inflasjon kommunene

PS 22/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Behandling:

Kontrollutvalet blei einig om følgjande fordeling til gjennomgang av møteprotokollar.

Alle:

Kommunestyret og dei so ikkje er nemnt nedanfor.

Inge Alexander Bruheim:

Eldrerådet
Ungdomsrådet
Selskap

Anne Helen Sundalsfoll:

Tenesteutval for helse og omsorg

Ledvin Skjerdal:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling

Jørgen Einar Amdam:

Formannskapet

Inghild Remøy:

Tenesteutval for oppvekst og kultur

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 23/22 Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)

Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

PS 24/22 Orienteringar

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/22	Orienteringsbesøk Hornindal omsorgssenter

Behandling:

OS01/22 Orienteringsbesøk Hornindal omsorgssenter
Seksjonsleiar Liv Langeland Muldsvor ga omvisning og ei generell orientering til kontrollutvalet på omsorgssenteret. Kommunalsjef for helse og omsorg, Svein Berg-Rusten var også til stades og svarte på spørsmål. Sekretariatet vil skrive eit enkelt referat med bilete frå orienteringa.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 25/22 Økonomirapport 1.tertial 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet tek Økonomirapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

Behandling:

Økonomileiar Kari Mette Sundgot orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som ligg på sak PS28 - Økonomirapport og finansrapport 2. tertial 2022.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek Økonomirapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

PS 26/22 Finansrapport 1 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet tek finansrapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

Behandling:

Økonomileiar Kari Mette Sundgot orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som ligg på sak PS28 - Økonomirapport og finansrapport 2. tertial 2022.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek finansrapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

PS 27/22 Økonomirapport 2.tertial 2022**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek økonomirapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

Behandling:

Økonomileiar Kari Mette Sundgot orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som ligg på sak PS28 - Økonomirapport og finansrapport 2. tertial 2022.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek økonomirapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

PS 28/22 Finansrapport 2 - 2022**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek finansrapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

Behandling:

Økonomileiar Kari Mette Sundgot orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som ligg på saka -Økonomirapport og finansrapport 2. tertial 2022.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek finansrapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

PS 29/22 Forenkla etterlevingskontroll 2021 med økonomiforvaltninga**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:
 - a. i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i ferielova og rutinane knytt til søknad om overført ferie og uttak
 - b. med unntak av konklusjonen om atterhald i revisjonsuttalen, har kommunen i det vesentlege etterlevd rutinane/retningslinjene som er vedtekne vedkomande praktisering av fleksitid/frammøte og overført ferie.
2. Kontrollutvalet registrerer at avdekka forhold har vore kommunisert med kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding innan 30.03.2023 om manglane som

var avdekka for 2021 fungerer tilfredsstillande frå 2022 av og vil fungere framtida.

Behandling:

Oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:
 - a. i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i ferielova og rutine knytt til søknad om overført ferie og uttak
 - b. med unntak av konklusjonen om atterhald i revisjonsuttalen, har kommunen i det vesentlege etterlevd rutine/retningslinene som er vedtekne vedkomande praktisering av fleksitid/frammøte og overført ferie.
2. Kontrollutvalet registrerer at avdekka forhold har vore kommunisert med kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding innan 30.03.2023 om manglane som var avdekka for 2021 fungerer tilfredsstillande frå 2022 av og vil fungere framtida.

PS 30/22 Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Behandling:

Finansiell revisor Halldis Moltu orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

PS 31/22 Budsjett for kontrollarbeidet 2023

Vedtak:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 186 000 (kr 161 000 + kr 25 000).
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 290 616 (kr 1 265 616 + kr 25 000).

Behandling:

Dagleg leiar i Vest kontroll, Jostein Støylen, orienterte og svarte på spørsmål. Det blei diskutert om kontrollutvalet skulle auke ramma og legge til ein post i tilfelle behov for ekstern bistand. Det vart lagt fram forslag om å legge til ein post med kr 25 000 for ekstern bistand. Forslaget vart samrøystes vedtatt.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramma på kr 161 000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 265 616.

PS 32/22 Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Behandling:

Dagleg leiar i Vest kontroll, Jostein Støylen ga ei orientering om Merknad til sak 03 OS01 Orientering om Volda utvikling. Denne må kvitterast ut og vise til hovudsaka.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 33/22 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.